

Hordaland fylkeskommune

Vår dato: 12.06.2018
Vår ref: 2018/1994 - 14152/2018 /
Dykkar ref:

Mogeleg samarbeid om utvikling av Stord vidaregåande skule og grunnskuletilbodet i Sentrum bydel

Eg viser til møte på Stord hotell 12. juni, med leiar i , fylkesrådmann, ass. fylkesrådmann og utdanningsdirektør. Frå kommunen deltok ordførar, rådmann og einingsleiar for Stord kommunale eigedom.

Som det vart gitt uttrykk for i møte, kan det vera av interesse for Stord kommune å vurdere bygningsmassen til Stord vidaregåande skule på Saghaugen som framtidig lokalitet for barneskule i Leirvik skulekrins. Dagens Leirvik skule er i eit gammalt bygg og har lite uteområde. Skulen har lite utvidingsmogelegheiter og det er trong for å gjennomføra trafikksikringstiltak.

For kommunen vil det også vera av interesse at Hordaland fylkeskommune utviklar og samordnar den vidaregåande skulen på Stord.

Eg er glad for at de uttrykte interesse for saka, men ser samstundes at det er eit stykke veg å gå. Fleire forhold må klaffa for å få til eit samarbeid, m.a. investeringskostnader og i kva grad bygget og uteområdet er eigna som barneskule. Stord kommune har utfordringar med skulekapasiteten for barneskulane i sentrum bydel. Den vidare utbygginga må likevel skje på bakgrunn av ei samla vurdering av kapasitet, kringsgrenser og kommunen sitt samla investeringsprogram.

Stord kommune har sett i gang eit arbeid med å rullera skulebruksplanen. Det vil vera naturleg å vurdere spørsmålet som del av denne. Me tek sikte på å ha ferdig eit høyringsutkast rundt årsskifte 2018-19. Me vonar likevel å få avklara om det er grunnlag for å starta ein prosess før planen er endeleg handsama.

Me tek sikte på å melda tilbake så snart me har gjort våre vurderingar, men ber om at de stadfestar om eit slikt løp eventuelt kan vera i samsvar med dykkar planar og pågåande prosessar.

Med helsing

Gaute S. Epland
ordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift